



ÅRSMØTE SAVL 2026

Kommunehuset i Valle torsdag 09.04.26 kl. 18.30

Tilstades:

SA 1 v/Ragnhild Bjåen, SA 4 v/Tom Olav Trydal, SA 6 v/Hans Roar Moen, SA 8 v/Vegard Døli, SA 9 v/Paal Brokka Rike, SA 10 v/Torleif Homme, SA 11 v/Oddbjørn Holum Heiland, SA 12 v/Ola Brottveit, SA 14 v/Torstein Bjørgum, SA 17 v/Svein Ekre, SA 19 v/Aasne Vinjerui Hamre, SA 20 v/Tarjei Thoresen, SA 21A v/Aslak Momrak-Haugan, SA 21C v/Stein Helge Lassemo, SA 24 v/Arvid Rønning og Tor Harald Lilleaas, SA 26 v/Svein Helge Nomeland, SA 27 v/Arne Bjørgum

Sak 1:

Val av to representanter til å skrive under protokollen

Vedtak:

SA 11 og SA 12
Samrøystes

Sak 2:

Årsmelding 2025

Styrets samansetning i 2025 har vore:

Leiar	Svein Ekre (22-25)	Vara: Øystein Romtveit (22-25)	Vinje
Sekretær	Torleif Homme (23-26)	Vara: Ånund Flateland (23-26)	Valle
Styremedlem	Arne Bjørgum (22-25)	Vara: Svein Helge Nomeland (22-25)	Bygland
Styremedlem	Stein Helge Lassemo (23-26)	Vara: Aslak Momrak Haugan (23-26)	Fyresdal
Styremedlem	Tor Harald Lilleaas (23-26)	Vara: Arvid Rønning (23-26)	Åmli
Styremedlem	Ragnhild Bjåen (23-26)	Vara: Tom Olav Trydal (23-26)	Bykle
Styremedlem	Hans Roar Moen (22-25)	Vara: Knut K. Vadder (22-25)	Tokke

Revisorar for åra 2025 har vore SA 6 og SA 8

I 2025 fekk me godkjent både 3- årig bestandsplan og avskyttingsplan for 2025. Leiar og sekretær saman med styret har arbeidd med prosessar og kom i land med begge dei to planane. I tillegg er det innleigd noko bistand med datahjelp til å sette inn tall i grafar m.m. Det er no slik at villreinlaget sjølve utarbeider alt med planarbeid - det medfører noko meir arbeid på sekretær og leiar.

Saker som villreinlaget har vore involvert i:

Ny kommuneplan Bykle



Setesdal Austhei Villreinlag



Villreinlaget har kome med innspill til Bykle kommune i arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen. Det er spesielt uttale til sti og løypeplanar og oppretthalding av trekkvegar/korridorar og ferdsel i kjerneområde som kjem i konflikt med villreinen. Sekretær og leiar deltok på møte som vart halde på Bykle Hotel i forhold til denne planen.

Geiskelid og Forsvaret v/Kjetil Flydal

Villreinlaget har vore i dialog og gjeve innspill til skilting, opparbeiding av pålar til gjerde og ferdsel/aktivitet som Forsvaret har i Geiskelidområdet, då desse områda er ein del av kjerneområde for Villreinen. I etterkant har me ikkje fått nokon tilbakemelding om arbeidet, eller kva som er gjennomført.

Vindmøller i Bygland.

Styre tok opp spørsmål om ein skulle gjeva uttale til konsekvensar om ei slik utbygging, men fleire i styre meinte det ikkje blei noko av og at ein avventer ein uttale til noko evt. er meir konkret.

Jakta hausten 2025.

Det vart felt 256 dyr innmeldt i Hjorteviltregistret – fellingsmålet i avskyttingsplanen for 2025 var 218 dyr. Det vart dermed felt 38 fleire dyr enn målsettinga.

Under jakta vart det store ansamlingar av jegerar i Galten/Auversvatn område då det var her dyra stod. I område frå Bukkenuten til Auversvatn vart det funne 3 eller 4 dyr med skothol, og SNO melder om fleire avvik.

CWD og hjerne/lymfepøver.

Det ser ut til at me i tida framover må leva med denne problematikken – det er difor viktig å prioritere prøvetakinga. Det er ikkje registrera CWD i vårt område eller på SRV og heller ikkje nye tilfeller på Hardangevidda - kun to tilfelle frå tidlegare år.

Kalvetelling

330 kalv, 677 s/u, 26 bukk 2 ½+ - totalt 1031 dyr

Kalvetilvekst 48,9 kalv pr 100 simle

Strukturtelling

Dyra vart funne i område Auversvatn Galteflotti Venevasshalli mot Lisesåta.

Kalv	s/u+	Bukk 1+	Bukk 2+	Bukk 3+
137	337	47	48	69

Framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjent slik den ligg føre

Vedtak:

Samrøystes

Sak 3:

Rekneskap for 2025



**Setesdal Austhei
Villreinlag**



Pr. 31.12.25 er det ei behaldning på kr. 463098,08
Rekneskapet viser eit «overskot» på kr. 5158,87
Viser til vedlagt rekneskapsoppsett for 2025.

Framlegg til vedtak:

Rekneskap for 2025 vert godkjent slik det ligg føre

Vedtak:

Samrøystes

Sak 4:

Vederlag for tillitsverv:

Årsmøte skal fastsetje vederlag for tillitsverv.

Årsmøtet fastsette i 2025 gjeldande satser for godtgjersle til styret.

Ein gjer ikkje framlegg om å endre desse for 2026

Framlegg til vedtak:

Godtgjering til formann kr. 15000,-

Godtgjering til sekretær kr. 8000,-

Godtgjering styremedlemer kr. 1500,-

For møter/arbeid m.m. på dagtid, vert det betalt for tapt arbeidsforteneste/løn på kr. 400,-/t

Det vert ikkje utbetalt møtegodtgjersle utover dette, men det skal betalast km. godtgjering i samsvar med øvre grense for skattefri køyregodtgjersle (pr. d.d. kr. 3,50 pr. km)

Vedtak:

Samrøystes

Sak 5:

Val

Det er i år val på styremedlemer m/varamedlem frå Vinje, Tokke og Bygland.

I tillegg må det veljast revisorar for 2026.

Framlegg til nye styremedlem:

Vinje: Svein Ekre varamedlem: Tarjei Thoresen

Tokke: Hans Roar Moen varamedlem: Knut K. Vadder

Bygland: Svein Helge Nomeland varamedlem: Lasse Bruun

Vedtak:

Samrøystes

Leiar i Villreinlaget var på valg i år og i henhold til vedtektene skal årsmøte velje leiar.
Svein Ekre vart samrøystes valgt som leiar

Framlegg til revisorar:

SA 21A og SA 21C



Vedtak:

Samrøystes

Sak 6:

Avskyttningsplan 2026

Med utgangspunkt i framlegg til bestandsplan, har styret utarbeidd utkast til avskyttningsplan. Det er her lagt opp til ei videreføring av avskyttningsplanen frå 2025 og der ein legg opp til å behalde stamma på ca, dagens nivå.

Kortfordelinga er også lik den som var i 2025.

Differensiering mellom nord og sørområde vert vidareført, men det er gjort framlegg om å legge heile Valle kommune inn i sone 2 – ikkje bare deler av kommunen slik som i 2025.

Minstearealet vert også uendra frå 2025 - 8 km² i sørområdet og 1,5 km² i nordområdet.

Det vil bli nærare orientering av framlegg til avskyttningsplan på årsmøtet.

Framlegg til vedtak:

Framlegg til avskyttningsplan for 2026 blir godkjent.

Framlegg frå SA 9 v/Ånund Flateland:

SA 9 blir lagt inn i sone 1 saman med Bykle, Vinje og Tokke – resten som styret sitt framlegg

Vedtak:

Styret sitt framlegg til avskyttningsplan for 2026 vart vedteke/godkjent mot 1 røyst

Sak 7:

Budsjett for 2026

Utgifter		Inntekter	
Møter, godtgjersle m.m	4500	Medlemskontingent	35000
Kontorutgifter	2000	Tilskot	25000
Møter - årsmøte	3000		
Styrehonorar	30500		
Villreinteljingar-personalkostnader	15000		
Konsulentutgifter	5000		
	<hr/>		
	60000		60000

Når det gjeld «tilskot» er det søkt statsforvalteren om eit tilskot på kr. 20000,- og ein får også dekka noko av personalkostnadane i samband med strukturteljingar – i 2025 var dette kr. 4600,-.

Utgifter til konsulent er også redusert i forhold til tidlegare år då en planlegg å gjere mykje av arbeidet med neste års avskyttningsplan sjølve.

Årsmøtet fastsette medlemskontingenten for 2025 til kr. 50,- pr. tildelt kort og ein gjer framlegg å behalde denne satsen på kontingent også i 2026.

Framlegg til vedtak:



**Setesdal Austhei
Villreinlag**



Framlegg til budsjett for 2026 vert godkjent

Vedtak:

Samrøystes

Sak 8:

Evt.

Orientering om Hovden Tour og kva rolle/innspel som villreinlaget har kome med i samband med dette arrangementet.

Svein Ekre
Leiar

Torleif Homme
Sekretær

Oddbjørn Holum Heiland
SA 11

Ola Brottveit
SA 12